

Møteplanen for Uskedal utvikling

21.08.2014

Den fyrste onsdagen i månaden er fast møtedag i Uskedal utvikling og møteplanen for denne hausten ser slik ut:

- * **Onsdag 3. september**
- * **Onsdag 1. oktober**
- * **Onsdag 5. november**
- * **Onsdag 3. desember**

Møta tek til kl. 19 men styret og arbeidsgruppene har møte ein time før det opne møte.

Tema på det fyrste møte i haust vert todelt:

- * Vidare arbeid med Arealstrategi for Uskedal sentrum
- * Oppsummering av sommarsesongen 2014

Til det siste vert alle med interesse for profilering og friluftsliv, lag/organisasjonar, arrangørar og næring knytta til servering, tursme, camping og båttrafikk inviterte.

Målet er ei evaluering og særleg sjå på ei betre samordning av dei tiltaka vi har i dag.

Styret